

## Godt klassemiljø

**P**å mellomtrinnet er gjerne barn og voksne i klassen godt kjende. Eit trygt klassemiljø er like viktig no som i 1.klasse. Barnet ditt har rett til å kjenne seg trygg og inkludert i klassen. Som forelder er du ein viktig medspelar som kan bidra ved å vere interessert og engasjert i korleis klassemiljøet fungerer. Er det kultur for å ta opp ulike utfordringar med dei andre foreldra? Kva kan skulen bidra med? Er det nye barn og foreldre i klassen? Ta kontakt og inkluder dei. Kom gjerne med innspel til kva du tenker kan vere bra for miljøet i klassen.


### Fellesopplevingar gir godt klassemiljø

**T**ida du brukar saman med barnet ditt og andre barn og foreldre, skaper gode opplevingar. Desse positive erfaringane kan gjere det lettare for dykk å finne løysingar dersom utfordringar oppstår i klassemiljøet. Når ein vert betre kjend, er det ofte lettare å tenke godt om andre.

### Forslag til aktivitet:

- Lag rebusløp.
- Arranger spelekveld i klasserommet. Spel saman med barna.
- Inviter til foreldrekafè for uformell samtale. Ta med mat etter behov.
- Lag ballspeltturnering eller stafett og konkurrer barn mot foreldre.
- Inviter til eigen mamma- og/eller +pappakveld utan barn. Fins det lokale grendahus ein kan låne eller leige?
- Har de fleire forslag til aktivitet?

Vere  
saman



Illustrasjon av Trym, 1.klasse

